

Referat

FAU-MØTE 4, skuleåret 2025-26

Torsdag 8. Januar, kl 19.30 – 21.00



Fremmøtere registrering

Sak 17	Godkjenning av innkalling Godkjenning av referat frå sist møte og innkalling
Sak 18	Informasjon frå rektor Nasjonale prøver VBS har gjennomført dei nasjonale prøvene på lik linje med resten av landet. Skulen ligg omtrent på gjennomsnitt på alle tre fag. Generelt så synker gjennomsnittet på lesing på landsbasis, så vi ser at det er ein negativ utvikling, og at for mange elevar slit med lesing på VBS. På bakgrunn av dette vil VBS styrkje arbeidet med lesing og skrivning. Det vert sett inn ekstern rettleiing frå Oslo for å kurse og rettleie lærarane i arbeidet med å utvikle leseferdigheitene til elevane. Tidlegare ordning med intensivkurs for einskilde elevar vert avvikla. I staden vert det innført klassesdekkande lesekurs. Dette er eit leseprosjekt som skal styrkje leselyst og leseferdigheiter for alle elevar, uavhengig av nivå. Tiltaket er ein del av den nye kommunale leseplanen for 2026 og skal takast i bruk ved VBS. Elevundersøkinga Elevundersøkinga VBS ligg på, eller noko over, landsgjennomsnittet når det gjeld trivsel, faglege utfordringar, meistring og støtte frå lærarar og vaksne. Det er registrert noko høgare tal på mobbing på 7. trinn. Skulen vil difor gjennomføre ei Spekter-undersøking for å følgje opp situasjonen. Noko av tilbakemeldingane viser at mobbinga er knytt til digital samhandling. Det er òg observert ein kjend trend der elevar på 7. trinn opplever redusert motivasjon. Skulen arbeider vidare med å kartleggje årsaker og vurdere tiltak for å halde oppe motivasjonen. FAU-leiar bad om å få tilgjenge til resultata, slik at desse kan benyttast av FAU-representantane ved foreldrestyrte foreldremøte. Teknologisk utstyr Skulen har ein del teknologisk utstyr som i dag ikke blir brukt, mellom anna kodeutstyr og byggjeklossar. I 2026 vil det bli lagt større vekt på bruk av dette utstyret gjennom teknologi-veker og workshopar. VBS har fått innvilga åtte gaming-PC-ar gjennom prosjektmidlar. Desse skal nyttast i undervisning og opplæring innanfor tydelege og trygge rammer. Bruken vil vere strengt regulert. Skulen vil hente inn ekstern rettleiing frå Trond Brynstad.

	Skjermbruk FAU etterspurde ei oversikt over skjermbruk i skulekvardagen. Det er kome fleire tilbakemeldingar frå føresette om redusert bruk av bøker, svekte skriveferdigheiter og fysiske plager som trøyte auge og hovudverk. FAU bad rektor om eit estimat på skjermbruk per veke. Skjermbruk vert eit eige satsingsområde i FAU sin plan for skuleåret 2026/27. Basen Det er svært gode tilbakemeldingar på Basen, med vekt på trygt miljø og god kompetanse. FAU vil få ei omvising på Basen i februar. Bibliotek Biblioteket er pussa opp, og ny bibliotekar er tilsett. Målet er å bruke biblioteket meir aktivt, styrkje leselysta og auke utlån av bøker. SFO vil òg ta biblioteket i bruk, noko som bidreg til redusert skjermbruk.
Sak 19	Haufest Etter gjennomgang av tilbakemeldingar frå klassane ønskjer fleirtalet at haufesten vert lagd til torsdagen som ligg nærast Halloween, uavhengig av kva vekedag Halloween fell på. Vedtak: Haufesten vert arrangert torsdagen nærast Halloween. Komiteen kan gjere endringar dersom det ligg føre særlege grunnar.
Sak 20	Elekveld Det var godt oppmøte og svært gode tilbakemeldingar på elevkvelden førre skuleår. Årets første elevkveld vert arrangert i veke 12, torsdag 19.03.2026. Meir informasjon kjem.
Sak 21	Trafikkvakter Påminning om felles ansvar for ordninga med trafikkvakter. Avtalt fordeling: 1.klasse: veke 46 og 4 2.klasse: veke 47 og 5 3.klasse: veke 48 og 6 4.klasse: veke 42 og 50 5.klasse: veke 43 og 51 6.klasse: veke 44 og 2 7.klasse: veke 45 og 3 Felles ansvar veke 7

Sak 23	Foreldrestyrt foreldremøte FAU ønskjer at foreldrestyrte foreldremøte vert planlagde og gjennomførte innan utgangen av februar. Hovudtema er inkludering. Klassane står fritt til å ta opp andre tema også. 5. trinn vil få informasjon om ansvar og gjennomføring av 17. mai. Det vert sendt ut eige informasjonsskriv i forkant av møtet. Det vert sett opp enkelte forslag til case som kan brukast til møtet.
Sak 24	Oppstart i FAU FAU vil utarbeide eit informasjonsskriv som vert delt ut til føresette på 1. trinn. Skrivet skal innehalde generell skuleinformasjon, informasjon om FAU sitt arbeid, ansvar, retningslinjer og kven ein kan ta kontakt med ved ulike spørsmål.
Sak 26	Arbeidsgruppe for leirskule Giske kommune ønskjer samarbeid på tvers av skulane. Sunniva Kvalsund, rektor ved Giske skule, skal leie arbeidet. FAU vert beden om å stille med 1–2 representantar per skule. Representantane kan kome frå alle trinn. Målet er felles kjørereglar og å ivareta gratisprinsippet, slik at alle elevar får like moglegheiter. FAU-representantane legg ut informasjon i Spond. Meir informasjon kjem etter KFAU-møte.
Sak 27	iPad-bruk i 1. klasse og strategi for touch-innlæring Det er kome inn ønskje om å drøfte bruken av iPad på 1. trinn. FAU ønskjer dialog med skulen om: • dagens praksis og grunngjeving for denne • vurdering av å utsetje eller avgrense bruken • plan for opplæring i touch-skriving • korleis skulen sikrar at analoge læringsformer er hovudgrunnlaget tidleg i skuleløpet Forslag til vedtak: FAU ber skulen gjere greie for dagens praksis, vurdere behovet for endringar og leggje fram ein plan for bruk av digitale verktøy og touch-skriving på dei lågaste trinna.
Sak 28	Eventuelt

Lys på uteområdet

FAU vil sjå nærare på moglegheiter for betre belysning på uteområdet, med hensyn til nærliggjande hus. Det vert foreslått å nytte tidsur som slår av lyset kl. 20.00. Saka vert følgt opp til neste møte.

17. mai

17. mai-komiteane er satt og har fyrste møte 14.01.2026.

FAU-midler

Det vart fremja forslag om å benytte FAU-midler til databriller.

Dugnad uteområde

Det er ønske om å involvere klassane meir i enkle vedlikehaldsoppgåver, til dømes lusing, for å styrkje eigarskap til uteområdet og førebyggje kjedsamheit. Ole utarbeider utstyrsliste og arbeidsplan, og foreslår dugnadsdato i april.

Referent:
Silje Mari Listein